

Vang historielag

- eit lag du kan ha interesse av å vera medlem i?

Ved å vera medlem i Vang historielag støttar du opp om arbeidet for å fremme interessa og kjennskapen til lokallhistoria i heile Vang kommune. Laget skal ta vare på og føre vidare vår gamle og gode kulturarv.

Medlem i Vang historielag for 2011 vert du ved å betale kontingent, sjå vedlagt giro. Vil du stå som einskildmedlem kostar det 50 kroner. Betaler du 75 kroner kan fleire / alle i familien stå som medlem.

Og hugs: Anten du betaler i banken med vedlagt giro, ved hjelp av telebank, nettbank eller anna, oppgje namn på den / dei kontingenten gjeld for i meldingsfeltet på giroen.

Leiar i Vang historielag er Harald Olav Jevne, 2973 Ryfoss.
Han kan du kontakte på telefonnr. 613 68 124 / 951 92 015.
Nestleiar: Ove Bunde, 2973 Ryfoss
Kasserar: Randi Holien, 2977 Øye
Styremedlem: Jan Sparstad, 2975 Vang i Valdres
Skrivar:Tore Hovda, 2975 Vang i Valdres

Årsmeldinga for 2010 samt annan informasjon frå laget kan du finne på laget si internettadresse <http://www.vanghistorielag.no> eller du kan kontakte ein av medlemane i styret.

Histoielaget har i mange år trekt ut premie mellom dei som har skrive seg inn i boka på Hugakøllen. I år vart Heidi Furvann frå trekt ut, og ho har fått bokpremie i posten. Neste år er det nye sjanser for alle sprekingar!

Planlagde aktivitetar /arrangement i 2011:

Styret har mange planer for året:

- **Fredag 27. mai kl. 19.00: Vårtur**
med oppmøte ved Vårheim ovanfor Stele. Ein liten rusletur til Haffeldknuppen, med flott utsikt over Vangsoknet. Andris Berge blir med som kjentmann.
- **Laurdag 18. juni kl. 11.00: Medlemstur til Valdresmuseet på Fagernes..**
Ole Aastad Bråten vil finne fram spanande ting frå magasinane som ikkje er tilgjengeleg for folk flest. Det blir Vangsfokus på det vi får oppleve. Historielaget spanderer mat og drikke i museumskafeen.
- **Sundag 28. august: Historisk vandring i Smådalen.**
Annie Selle er ei dame med uvanleg stor interesse for reinsgraver og fangstanlegg i Vangsfjella. Ho har sagt seg viljug til å bli med oss og syne og fortelle om det ho har funne. Ho er verkeleg ein kapasitet på området. Oppmøte ved bommen til Helinvegen kl. 10.30.

Helsing frå styret i Vang historielag